
Vår referanse 2020/35268-2
Dato 20.02.2020

SKALA RÅDGIVENDE INGENIØRER AS
Damsgårdsveien 131
5160 LAKSEVÅG

Svar - Byggjegrense - Fv. 5316 - levegen 189 - Gnr. 349 bnr. 93 - Alver kommune

Vi viser til søknad datert 10.01.2020.

Vedtak

Med heimel i veglova [§30](#) og [§34](#), gir vi dispensasjon frå byggegrensa mot fv. 5316 for å oppføre tilbygg på gnr. 349 bnr. 93 i Alver kommune.

Vilkår for dispensasjonen

1. Tiltaket skal være i tråd med situasjonsplan, datert 04.04.2019.
2. Avstanden frå tilbygg (inkludert takutspring) til senterlina på fv. 5316 skal vere minst 15,5 meter.
3. Dersom tiltaket vil føre til endringar i samband med tilkomsttilhøva for eigedomen, må det framleis vere opparbeidd tilstrekkeleg areal til å kunne snu på eigedomen for å unngå rygging ut på offentleg veg. Siktkrav til eigedomens avkøyrsel må følgjast.
4. Tilbygget må ikkje brukast til andre formål enn det dispensasjonen gjeld.
5. Grenseverdiane for støy og luftkvalitet i rundskriv [T-1442](#) og [T-1520](#) frå Klima- og miljøverndepartementet må tilfredsstillast.
6. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at bygningen/innretninga ligg nær fv. 5316.
7. Arbeidet må være starta opp innan tre - 3 - år frå dispensasjonen er gitt, viss ikkje fell dispensasjonen bort.

Bakgrunn for vedtaket

Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen.

Fartsgrensa på staden er 60 km/t, årsdøgertrafikk (ÅDT) er 300. Strekninga er klassifisert til *Haldningsklasse 4* jf. *Rammeplan (2017 - 2020)*.

Søknaden gjeld tilbygg til eksisterande bustad. Tilbygget kjem på sørsida av bustaden og nærare fylkesveg enn dagens situasjon. Etter ei samla vurdering av tilhøva på staden, gjev vi løyve til oppføring av tilbygg innan for byggjegrense langs veg som omsøkt.

Vi gjer merksam på at søkjar må avklare med Alver kommune om tiltaket er søknadspliktig etter plan og bygningslova.

Rett til å klage:

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet [«klage på forvaltningsvedtak»](#). Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune post@vlfk.no som vil sende klagen vidare til klageinstansen.

Med helsing

Hege Løvteit
Leiar

Tone Bøyum
Senioringeniør

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Situasjonsplan - Fv 5316 - Gnr 349 bnr. 93 - Alver kommune
2. Veglova [§29](#), [§30](#),

Kopi til:
ALVER KOMMUNE Postboks 4